



VOLDA KOMMUNE
Avdeling for dokumentasjon og service

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Postboks 2520
6404 MOLDE

Vår referanse
20/5829 21/4883

Din referanse

Sakshandsamar
Liv Oddrun Ytrebø

Dato
04.03.2021

Handsaming av klage på TFU sitt vedtak i sak 07/21. Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for etablering av torskeoppdrett ved Alida, (planID 2003001)

Tenesteutval for forvaltning og utvikling har i møte 01.03.2021, sak 19/21, fatta følgjande vedtak:

Kommunedirektøren si tilråding:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling kan ikkje sjå at det er lagt fram nye moment i klagen som tilseier at vedtak datert 18.1.2021, bør endrast eller opphevast.

Tenesteutval for forvaltning og utvikling opprettheld med dette vedtaket i sak 07/21. Klagen vert jf. Plan- og bygningslova § 1-9 sendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal fylke for endeleg avgjerd.

Med helsing

Liv Oddrun Ytrebø
konsulent

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur

Mottakar			
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404	MOLDE

Kopi til			
Dravlaus og Innselset	Dalsfjordvegen 625	6133	LAUVSTAD
Grendelag v/Jorunn Beate			
Lillebø Lande			
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

www.volda.kommune.no
postmottak@volda.kommune.no

Sentralbord: 70 05 87 00
Org. nr: 939 760 946
Kontonr: 3991.11.94590

Kystverket	Postboks 1502	6025	Ålesund
Lauvstad og Velsvik	Velsvikvegen 197	6133	LAUVSTAD
Grendelag v/Arne Oddmund Torvik			
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404	MOLDE
Naturvernforbundet i Ørsta og Volda v/Knut Olav Festø	Lindevegen 8	6103	VOLDA
Stiftelsen Museum Vest	Museumsvegen 9	5337	RONG
Sunnmøre Torsk AS	v/ Kenneth Brandal	6750	STADLANDET
	Borgundvågvegen 237		

Vedlegg

Handsaming av klage på TFU sitt vedtak i sak 07/21. Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for etablering av torskeoppdrett ved Alida, (planID 2003001)

Klage frå Naturvernforbundet, datert 31.1.2021

Klage frå grendalag 27.1.2021

Brev frå Dravlaus. og Innselsetbygda grendalag - trekkjer klage

Sak TFU 07-21. 18_1_2021

Uttale frå Naturvernforbundet 14.12.2020

Støtteskriv frå grendalag, datert 14.1.2021



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
19/21	Tenesteutval for forvaltning og utvikling	01.03.2021

Handsaming av klage på TFU sitt vedtak i sak 07/21. Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for etablering av torskeoppdrett ved Alida, (planID 2003001)

Samandrag:

Sunnmøre Torsk AS søkte om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel (kystsoneplan) for etablering av ny akvakulturlokalitet for matfisk av torsk ved Alida i brev datert 1.10.2020.

Saka vart sendt på høyring til offentlege høyringsinstansar i plansaker (Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, Fiskeridirektoratet, Kystverket og Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum), brev datert 16.10.2020. Frist for å kome med uttale var sett til 15.11.2020.

Det vart lagt fram sak for tenesteutval for forvaltning og utvikling i møte 18.1.2021, sak 07/21. Utvalet gjorde slikt vedtak, sitat:

«Tenesteutval for forvaltning og utvikling gir med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2 dispensasjon frå kommuneplanens arealdel (kystsoneplan) for etablering av ny akvakulturlokalitet for matfisk av torsk ved Alida.

Omsynet bak føresegna det vert søkt om dispensasjon frå vert ikkje vesentleg sett til side. Fordelane ved å gi dispensasjon er vesentleg større enn ulempene».

Volda kommune har motteke to klager på tenesteutval for forvaltning og utvikling sitt vedtak i sak 07/21.

- Naturvernforbundet Ørsta og Volda, datert 31.1.2021.
- Dravlaus -og Innselsetbygda grendalag og Lauvstad og Velsvik grendautval, datert 27.1.21.

Etter kommunen si vurdering inneheld ikkje klagene nye moment som tilseier at vedtaket i sak 07/21 bør endrast eller opphevast.

Tenesteutval for forvaltning og utvikling 01.03.2021:

Behandling:

Røysting (9 røysteføre):

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

TFU- 19/21 Vedtak:

Kommunedirektøren si tilråding:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling kan ikkje sjå at det er lagt fram nye moment i klagen som tilseier at vedtak datert 18.1.2021, bør endrast eller opphevast.

Tenesteutval for forvaltning og utvikling opprettheld med dette vedtaket i sak 07/21. Klagen vert jf. Plan- og bygningslova § 1-9 sendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal fylke for endeleg avgjerd.

Kommunalsjefen si tilråding:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling kan ikkje sjå at det er lagt fram nye moment i klagen som tilseier at vedtak datert 18.1.2021, bør endrast eller opphevast.

Tenesteutval for forvaltning og utvikling opprettheld med dette vedtaket i sak 07/21. Klagen vert jf. Plan- og bygningslova § 1-9 sendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal fylke for endeleg avgjerd.

Vedlegg:

Klage frå Naturvernforbundet, datert 31.1.2021

Klage frå grendalag 27.1.2021

Brev frå Dravlaus. og Innselsetbygda grendalag - trekkjer klage

Sak TFU 07-21. 18_1_2021

Uttale frå Naturvernforbundet 14.12.2020

Støtteskriv frå grendalag, datert 14.1.2021

Saksopplysningar:Bakgrunn

Sunnmøre Torsk AS søkte om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel (kystsoneplan) for etablering av ny akvakulturlokalitet for matfisk av torsk ved Alida i brev datert 1.10.2020.

Saka vart sendt på høyring til offentlege høyringsinstansar i plansaker (Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, Fiskeridirektoratet, Kystverket og Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum), brev datert 16.10.2020. Frist for å kome med uttale var sett til 15.11.2020.

Følgjande instansar kom med uttale til saka innan fristen:

- Bergens Sjøfartsmuseum
- Fiskeridirektoratet
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Fylkesmannen
- Kystverket

Naturvernforbundet kom med uttale til saka etter at høyringsfristen var gått ut.

Det vart lagt fram sak for tenesteutval for forvaltning og utvikling i møte 18.1.2021, sak 07/21. Utvalet gjorde slikt vedtak, sitat:

«Tenesteutval for forvaltning og utvikling gir med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2 dispensasjon frå kommuneplanens arealdel (kystsoneplan) for etablering av ny akvakulturlokalitet for matfisk av torsk ved Alida.

Omsynet bak føresegna det vert søkt om dispensasjon frå vert ikkje vesentleg sett til side. Fordelane ved å gi dispensasjon er vesentleg større enn ulempene».

Klagene

Volda kommune har motteke to klager på tenesteutval for forvaltning og utvikling sitt vedtak i sak 07/21.

Naturvernforbundet Ørsta og Volda, datert 31.1.2021.

Dravlaus -og Innselsetbygda grendalag og Lauvstad og Velsvik grendautval, datert 27.1.21.

Dravlaus -og Innselsetbygda grendalag har seinare trekt klagen. Ein skal i denne saka såleis ta stilling til klager frå Naturvernforbundet i Ørsta og Volda og frå Lauvstad og Velsvik grendautval .

Naturvernforbundet kom med uttale etter at høyringsfristen var gått ut (brev datert 14.12.2020). Uttalen frå Naturvernforbundet vart kommentert og vurdert i sak 07/21.

Dravlaus og Innselset Grendalag og Lauvstad og Velsvik Grendalag kom med støtteskriv til naturvernforbundet i brev av 14.1.2021. Støtteskrivet kom inn etter at saka var sendt ut til politikanane, og vart såleis ikkje kommentert og vurdert i sak 07/21. Støtteskrivet var lagt ved saka ved utsending.

Naturvernforbundet viser i klagen til dei to første strekpunkta i oppsummeringa deira i uttale datert 14.12.2020. Sitat frå oppsummeringa:

« - Saka bør vente på sin tur i planprosessen.
- Saka bør ut på ei breiare høyring».

Naturvernforbundet meiner saka er så viktig at den bør handsamast på eit høgare politisk nivå i kommunen. Saka bør sendast på ei høyringsrunde, der grendelag, lokale fiskarar og naboar får høve til å uttale seg.

Lauvstad og Velsvik grendautval

Grendalaget er ueinig i at fordelane ved å gi dispensasjon er vesentleg større enn ulempene.

Laget meiner oppdrett i fjordane forureinar, og at tida no er inne for å legge oppdrett på land for å få kontroll på utsleppa.

Laget hevdar fortøyingane til omsøkte anlegg vert liggjande godt over halve fjorden, rett over der det vert sett storline. Grendautvalet viser til at det tidlegare er søkt om løyve til lakseoppdrett ved Alida. Utvalet hevdar det har vore prøvd med oppdrett av torsk ved Straumshamn med lite hell.

Grendautvalet meiner det ligg fiberkabel frå Kulsneset til småbåthamna på Lauvstad, og at fortøyingane vil ligge over fiberkabelen. Utvalet forventar at all oppdrett i fjordane blir sett på land for å stoppe forureining i fjordane våre.

Lauvstad og Velsvik grendautval etterlyser avslutningsvis informasjon om framdrift i planane for lokaliteten ved Kvangardsneset.

Vurdering:

Det er tre vilkår som må vere innfridd for at klagen kan handsamast.

Er klagen registrert innan fristen ?
Vert det klagt på eit enkeltvedtak ?
Har klagen klagerett ?

Klagen er framsett innan innanfor lovbestemt klagefrist, og det er klagt på eit enkeltvedtak. Grendautvalet og Naturvernforbundet er ikkje part i saka. Ein kan stille spørsmål ved om dei har rettsleg klageinteresse knytt til vedtaket. Ved rettsleg klageinteresse vert det stilt krav om konkret, praktisk og aktuell interesse i ei rettsleg avklaring på eit vedtak.

Volda kommune er i tvil om at alle klagarane har rettsleg klageinteresse, men vel å handsame klagen på vanleg måte.

Naturvernforbundet

Kommentar til strekpunktet knytt til at saka bør vente på sin tur i planprosessen

Klagen meiner saka bør vente på sin tur i planprosessen. Kommunen tolkar det slik at forbundet meiner søknaden om dispensasjon burde handsamast i høve til forslag til

kommunedelplan som er under utarbeiding, og ikkje etter gjeldande kommunedelplan frå 2003.

Omsøkte areal er i gjeldande kommunedelplan (kystsoneplanen frå 2003) lagt ut til fleirbruksområde NFFFA (natur, fiske, ferdsel, friluftsliv og akvakultur) og fleirbruksområde NFFF (natur, friluftsliv, ferdsel og fiske)

Overflatedelen av anlegget, samt delar av anleggsfortøyingane ligg innanfor område utlagt til NFFA i gjeldande kommuneplan frå 2003. Ein del av fortøyingane ut i fjorden ligg innanfor område lagt ut til NFFF i planen frå 2003.

Arealet er i forslag til kommunedelplan for Volda (som har vore ute på høyring) lagt ut til akvakultur VA3 og kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller utan strandsone VKA9. Søknaden om dispensasjon er i samsvar med forslag til kommunedelplan. Det har vore køyrt ein brei prosess med høve til medverknad i samband med ny kommunedelplan, der mellom anna Naturvernforbundet har hatt høve til å uttale seg.

Tiltakshavar har vedgått at det ideelt sett hadde vore hensiktsmessig å avvente ny kommunedelplan før ny søknad om lokalitet ved Alida. Sunnmøre Torsk AS grunngjev søknaden med at dei ønskjer ei rask oppbygging av matproduksjon frå sommaren 2021. Usikkerheita knytt til når endeleg vedtak vil liggje føre, samt lang sakshandsamingstid for akvakultursøknaden gjer at dei søker om dispensasjon frå gjeldande plan.

Kommentar til strekpunktet knytt til at saka bør ut på ei breiare høyring

Søknaden om dispensasjon vart sendt på høyring til følgjande offentlege instansar: Bergens Sjøfartsmuseum, Fiskeridirektoratet, Møre og Romsdal fylkeskommune, Statsforvaltaren og Kystverket. Uttaleinstansane hadde ikkje merknader til søknaden. Etter kommunen si vurdering har sakshandsaminga ikkje vore mangelfull.

Kommunen meiner omsynet bak føresegna det vert søk om dispensasjon frå ikkje vert vesentleg sett til side, og at fordelane ved å gi dispensasjon er vesentleg større enn ulempene.

Det er ikkje lagt fram nye moment i klagen frå Naturvernforbundet som tilseier at vedtak 07/21 bør endrast eller opphevast.

Lauvstad og Velsvik grendautval

Som nemnt ovanfor, sende grendautvalet inn støtteskriv til Naturvernforbundet 14.1.2021. I støtteskrivet gir dei uttrykk for at dei meiner fjordane for lengst er metta med oppdrett, og at framtidig oppdrett må plasserast på land. Grendautvalet støttar skrivet frå Naturvernforbundet fullt ut.

Ein kan ikkje sjå at det er lagt fram nye moment i klagen frå Lauvstad og Velsvik grendautval som tilseier at vedtak i sak 07/21 bør endrast eller opphevast.

- -

Ein kan stille spørsmål ved om søknaden om dispensasjon burde vore sendt på høyring til fleire instansar. Administrasjon har ettertid fått klare signal frå politisk hald om at aktuelle grendalag bør få slike saker til uttale. I denne saka har Dravlaus- og Innselsetbygda Grendalag og Lauvstad og Velsvik grendautval kome med uttale på eige initiativ (Støtteskriv til Naturvernforbundet, datert 14.1.2). Laga har i sine uttalar støtta opp under Naturvernforbundet sin uttale.

Likestillingsmessige sider ved saka:
Ingen.

Konsekvensar for folkehelsa:
Ingen.

Miljøkonsekvensar:
Ingen.

Økonomiske konsekvensar:
Ingen.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen.

Konsekvensar for barn og unge:
Ingen.

Konklusjon:

Ein kan ikkje sjå at det er lagt fram nye moment i klagene frå Naturvernforbundet og Lauvstad og Velsvik grendautval. Klagene vert sendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Utskrift av endeleg vedtak:

Sunnmøre Torsk AS

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Bergens Sjøfartsmuseum
Fiskeridirektoratet
Kystverket

Naturvernforbundet i Ørsta og Volda
Dravlaus- og Innselsetbygda Grendalag ved Jorunn Beate Lillebø Lande
Lauvstad og Velsvik grendautval ved Arne Oddmund Torvik

Rune Sjurgard
kommunedirektør